



Handlingsplan for Bjørnafjorden ungdomsråd 2025

Vedtatt i UNG-sak 03/25 – 22.1.2025

1. Kulturtilbod

Mål	Strategi 2025	Tiltak 2025
For at ungdom i Bjørnafjorden skal ha gode kvardagsliv, må vi ha eit variert og godt kultur- og fritidstilbod. Vi treng gode møteplassar som bind kommunen og ungdomane saman på tvers av fjorden	Det må leggst til rette for at fleire kan ta del i kulturskuletilbodet	Legga til rette for fleire gruppetilbod
	Ungdomsrådet ønskjer redusert betaling til dei som ikkje har råd til å driva med t.d. idrett eller ta del i kulturskulen	BK har behovsprøvde friplassar i kulturskulen
	Bjørnafjorden kommune (BK) satsar på Ung kultur møtes (UKM) for å skapa møteplassar med fokus på kreativitet	Ungdomsrådet er medarrangør for UKM
	BK satsar på fritidsklubbar og tilbod til uorganisert ungdom innan idrett	BK vidarefører tilbod om «Open hall» på Osøyro og i Eikelandssosen

2. Offentleg kommunikasjon

Mål	Strategi 2025	Tiltak 2025
For at ungdom skal leva aktive liv i kommunen, må vi satsa på god offentlig kommunikasjon med ein meir aktuell ungdomsbillett og fleire bussar ut til krinsane	Arbeida for fleire bussruter ut til krinsane	Fremma til Skyss at det er behov for fleire bussruter ut til krinsane
	Få fleire bussruter ut til krinsane i helgane – tidspunkt og frekvens gjer at det i dag er eit dårleg tilbod.	Kartlegga behovet for kollektivtransport på kveld, i helger og feriar
		Seinare bussavgangar mellom Osøyro og Eikelandssosen
	Det skal vera rimeleg å nytta kollektivtransport	Setta ned alderen på ungdomskort.



3. Trygge ungdomsmiljø

Mål	Strategi 2025	Tiltak 2025
For at ungdom skal leva gode liv i Bjørnafjorden kommune og oppleva trygge ungdomsmiljø både sosialt og digitalt, må vi styrka arbeidet mot mobbing, ungdomskriminalitet, rus, krenkande språkbruk, krenkande åtferd, og jobba førebyggjande med nettvett	Bruka felles måltid ved skulane til å bygga eit godt skulemiljø	Legga til rette for fellesskap rundt måltid på skulen, og legge til rette for at trinn kan blandast når dei et.
	Arbeida for auka toleranse og mindre framandfrykt	Oppfordra folk til å gå på språkkafé
	Vi lærer nettvett tidleg i barneskulen.	
	Satsa på haldnings- skapande tiltak og kampanjar. Viktig med tidleg innsats alt på barnetrinnet.	Bruka film og sosiale media i kampanjar inn mot ungdom

4. Trygg ferdsel

Mål	Strategi 2025	Tiltak 2025
For at ungdom i Bjørnafjorden kommune skal ha trygge liv, må vi satsa på trafikk sikring i nærmiljøa. Barn og unge sin rett til gode fysiske oppvekstvilkår må respekterast.	Gje trygging av skuleveggar høgare prioritet	Bruka skulepatruljar til å sikra kritiske punkt, med bruk/oppretting av hjartesoner på alle skular. Gjev både trafikktryggleik og sosial tryggleik
		Redusera grensa for rett til gratis skuletransport frå 4 km til 2 km
		Kampanjar for å auka bruken av refleks

5. Førebyggande helsetenester

Mål	Strategi 2025	Tiltak 2025
For at ungdom i Bjørnafjorden skal oppleva god helse, må vi ha gode førebyggande helsetenester som er lett tilgjengelege der ungdom	Arbeida for å få helsestasjonen og helsesjukepleiarane på skulane meir synlege og tilgjengelege, både fysisk og digitalt	Helsestasjon for ungdom til fast tid på begge sider av fjorden også etter skuletid.



oppheld seg, og på tidspunkt der ungdom kan bruka tilboda. For eksempel helsestasjon for ungdom, i idrettshallar eller andre aktivitetsarenaer		
	Arbeida målretta for å møte helseutfordringar blant barn og unge, t.d. knytt til manglande søvn og medikamentbruk	Laga haldningsskapande kampanjar der ein også brukar digitale medium
	Styrka arbeidet for psykisk helse blant barn og unge	Tilsetja fleire psykologar med ansvar for oppfølging av barn og unge
		Halda fram med ungdoms-team og utekontakt

6. Klima og miljø

Mål	Strategi 2025	Tiltak 2025
For å sikra ungdom ei god framtid er det viktig å få ei berekraftig utvikling i Bjørnafjorden kommune. Då treng vi ein nytenkande kommune som set miljø og klimaspørsmål på dagsorden	Gode rutinar for resirkulering på skulen og i andre offentlege bygg	Kjeldesortering i alle kommunale bygg med eksempelbilete av kva ein skal kasta kor. Det må setjast ut fleire boss-spann i nærmiljøa, med pante-ring
	Legga til rette for miljøvenleg transport for elevar og tilsette i skulen	El-bil-ladestasjonar på alle parkeringsplassar ved skular, for tilsette og skuleelevar
	Fokus på plastydding i fjorden og nærmiljøa	Felles aksjonsdag i skulen der ein t.d. har konkurranse om å rydda mest plast, i samarbeid med andre aktørar.



7. Undervisning

Mål:	Strategi 2025	Tiltak 2025
Sikra barn og ungdom eit godt læringsmiljø i Bjørnafjorden	Satsa på tilbod om matsservering i skulen	Forbetra lunsjtilbodet på ungdomsskulane. Deretter på barneskulane.
	Ha dei best moglege undervisningstenestene og eit skulemiljø som triggar læring	Opna for at elevar kan jobba meir på den måten dei vil på skulen, t.d. ha musikk på øyra
		Skulane må ha eit mannskap og dei pedagogiske ressursane som skal til
		Opna for meir munnlege vurderingsmetodar
	Redusera mobbing og auka trivsel i skulen	Få fleire sosiale aktivitetar t.d. i friminutt
	Gjera skulen meir inkluderande og undervisninga meir variert	Få meir praktisk undervisning
	Gjera skulen meir open og kvardagen meir føreseieleg for elevane	Lærarane må laga oversikter over prøvar, innleveringar og lekser for elevane, som er tilgjengeleg for føresette

8. Politikk

Mål	Strategi 2025	Tiltak 2025
Barn og unge må bli involverte og høyrde i samfunnsplanlegging og politiske prosessar, og ungdomsrådet må ha eit handlingsrom til å fremja ungdommen sine interesser	Styrka ungdomsrådet si stemme i politiske prosessar	Bruka aktivt møte- og talerett for ungdomsrådet i utvalsmøte og kommunestyre
	I tråd med vedtektene: gje ungdomsrådet ei budsjettramme for ungdomstiltak	I budsjettet for 2026 må det vera eit øyremerkta driftsbudsjett for ungdomsrådet